

AKKURAT NÅ

Trine

Hva skal vi ha til middag? Blir det ovnsbakt torsk med nøttelokk, sotpotetmos og soyasmør eller laks med mango og avokadosalat? Vær så god, kjære leser, en innrømmelse: jeg elsker Trines matblogg. Ikke bare oppskriftene, ferdig komponerte og balanserte, både i tekstur og i smak, men jeg elsker også selve bloggen, der oppskriftene gjerne inngår i optimistiske ukesmenyer og innledes med kortfattede hverdagsbetrakninger og praktiske råd.

Bloggen til Trine Sandberg er større enn Klassekampen, med 30.000 unike leserer hver dag. Det er tall som gjør henne til en Hanna Winsnes og Henriette Schönberg. Erken for vår tid, bare uten sprell levende skilpadder og kanin på menyen – alt fås tak i på Rema 1000 og kan lages innenfor rammene av en vanlig turboverdag.

Stundom tenker man selvfolgelig på Arne Garborgs drepende anmeldelse av Hanna Winsnes' kokebok fra 1890, den som åpnet sånn: «Det er fred, stillhet, idyll, god mat og god samvittighet.» Deretter fulgte en malende beskrivelse av et hvitskuret kjøkken, blanke kobberkar og putrende kjeler. Garborg ergret seg over prestefrua Winsnes' fullstendig ureflekterte klasseblindhet – hvordan man uanfektet forsyste seg av de beste råvarene. «Der leves nemlig godt inde hos herskabet. Der vades i eg, sukker og smør; lader og kjeldere er fulde.»

Det leves godt på Trines kjøkken også. Det vades i oppdrettelsaks, kvernet kjøtt og i ketjap manis – til og med vegetaroppskriftene presenteres gjerne med et dryss av ristet spekeskinke. Hva ville Garborg sagt?

Å, han ville nok vært sur. Men det er mandag, og Trine har nok en gang redda oss fra overstekte fiskepinne på menyen. I dag blir det nudelsuppe.

Spurven



Kruse På galleriet Noplace i Oslo kan du nå se utstillingen «It's so real» med Janne Kruse. Utstillingen står til 27. januar.

perspektiv

Plantane



**Åsne Hagen
I DAG**

Det var eg som rydda ut av leiligheta til V., pakka dei få tinga hennar i esker og gav bort det ho ikkje ville at eg skulle ta vare på. Sjølv var ho allereie sendt ut av landet. Eg har framleis den grøne planten hennar, ein husvandrar (*Tradescantia fluminensis*) med skjore, hårete stilkar og blad som er grøne på oversida og lilla under.

Husvandraren står ved sida av ein misjonærplante (*Pilea peperomioides*) med skinande grøne sirkelrunde blad, ei gåve frå H. første hausten i ny by med tekanne, stearinlys i vinflasker, overnattingsgjestar på sofaen. Misjonærplanten har eg fornøya mange gongar, losna ein av dei små avleggarane som kjem opp rundt hovudplanten og gitt dem meir jord å vekse i.

Også yuccapalma (*Yucca elephantipes*) som eg redda inn frå gata ein vinter er blitt til fleire nye. Palma var blitt dumpa då nokon flytta, det var tilfeldig at eg la merke til stamma som stod stødd opp mot eit bosspann i snøen. På liknande vis overtok eg den

uttørka svigermorstunga (*Sansevieria trifasciata*) som blei kasta i konteinen på ein stad der eg jobba som vaskehjelp. Planten klarte seg over kneika og har for lengst vakse opp att. Dei smale blada ragar opp frå jorda som grøne knivar.

Eg tok òg ein hemmeleg avleggar frå den store møllplanten (*Plectranthus oertendahlii*) dei hadde der, ein myriade med mjuke blad, purpurfarga på undersida og med stilkar som luktar rå potet. Planten eg dyrka fram, blomstrar plutseleg i vindaugekarmen med jamne mellomrom, dannar smale spir med lette, kvite blomar.

Eg likar at det er så enkelt å ta

stiklingar, klippe av eit skot og sette det i vatn, sjå røter forme seg. Nokre planter lagar sine eigne avleggjarar, miniatyrplantar som heng i lufta eller drysser frå blada til moderplanten som hos yngleblad (*Kalanchoe daigremontiana*).

Ein nabo frigjorde nokre mikroskopiske plantevalpar frå bladkanten til eit yngleblad på Ikea og smugla dei ut i lomma, alte dei opp i ein tekopp og gav neste generasjon til meg. Pengetreet (*Crassula ovata*) kom S. på døra med, fleire små skot ho hadde klypt av og samla.

Dei namnlause sukkulentane som følgde med hadde allereie fått fine røter. S. hadde sjølv fått opphavsplanta som stikling av ein annan.

Repetisjonar av eit mørster, tanken på V. som er på andre sida av kloden, ein vindaugekarm kor det veks noko nytt.

Åsne Hagen,
sosiolog

asne.hagen@gmail.com



Og så en gladsak:
Ulydige barn er ikke alltid negativt. Det fikk en mor i delstaten Delaware i USA erfare nylig, da 13 år gamle Damir fikk beskjed om å skru av Netflix og legge seg, men nektet å føye seg. Da en brann brøt ut i hjemmet, var Damir lys våken og kunne gå raskt til verks med å varsle både mor og politi.